

ÅRSMELDING - 2018

MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og styret i 2018 har vore:

Merethe Hellevik, leiar / vara: Thomas Akslen – MMG
Ottar Ringstad, nestleiar / vara: Sunniva Nupen – VSG
Maren Ann H. Løvoll, kasserar – vara: Jostein Røyset – NRG
Nils Edmund Stråmyr, skrivar/vara: Andor Bjørke – ISG

Styret har hatt 3 styremøter gjennom året, og totalt 12 saker har vore behandla.

Året 2018

Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 16 nye godkjende ekvipasjar i 2018.

Gjetarhundprøver/Gjetarhundkurs

Det har også i år vore bra med gjetarhundaktivitet i Møre og Romsdal. Tilsaman har det vore arrangert 20 distriktsprøver rundt om i fylket, og arrangert 8 gjetarhundkurs med tilsaman 62 deltakarar. Begge desse typane arrangement heng saman, og vil for dei fleste som legg tid og energi ned i det, resultere i bruksprov. Dette er og grunnsteinane for å auke nivået på ekvipasjane som skal ut i praktisk arbeid. ISG og MMG arrangerte Landsprøve 22/9-23/9, med 41 deltakarar begge dagane.

NM deltaking for MRGL 2018

I alt seks ekvipasjar frå Møre og Romsdal deltok i årets NM i Omvikdalen, Hordaland.

Jan Myklebust med Akersborg Rex og Storm, Atle Arnesen med Mirk og Fern, Susann Osnes med Andy og Sara Larsson med Lyn.

Ingen av fylket sine ekvipasjar kvalifiserte seg til finalen, og resultatane i NM vart det 24. plass, 25. plass, 41. plass, 50. plass, 55. plass og 83. plass av 90 startande.

Resultatmessig må ein seie seg nøgd med desse plasseringane i NM, då fylket beheldt sitt antal plassar til neste års NM. Møre og Romsdal har med andre ord framleis 6 plassar til NM i Gjetarhund 2019.

MRGL nyttar høvet til å gratulere dei seks ekvipasjane med ein kjempeflott innsats i NM 2018.

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet vart arrangert i Bjørdalen i Ørsta kommune den 6. oktober med 22 deltakande ekvipasjer og Odd Bjarne Bjørdal som dommar.

Fylkesmeisterskapet blei også dette året arrangert med finale på same dagen, der dei seks beste frå den innleiande runden stilte. Fylkesmeister 2018 vart Atle Arnesen med hunden Mirk, medan Jan Myklebust tok 2. plassen med hunden Akersborg Rex. Jan Myklebust tok og 3. plassen med hunden Storm. Tittelen «Beste unghund for 2018» gjekk til Atle Arnesen og hunden Lill. MRGL gratulerer så mykje med både titlane og plasseringane.

Unghundcup´n 2018

Vinnar av Unghundcup´n 2018 vart Karina Stråmyr med hunden Strawmoor Pixie. Dei oppnådde heile 42 poeng. MRGL gratulerer!

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har og i 2018 vore oppdatert av webansvarleg Merethe Hellevik, og har vore mykje brukt. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare kan så spirar til nye tiltak rundt om i fylket. Minner om at lokallaga og medlemmane må vere flinkare til å sende inn små reportasjar og bilete frå aktivitetar til heimesida. For på den måten gjere sitt til at vi har ei aktuell og oppdatert heimeside.

Oppsummering

Året 2018 inneheldt mange arrangement i Møre og Romsdal, og viser høg aktivitet i dei fleste delane av fylket, og det må ein seie seg godt nøgde med. Dette er og viktig om ein skal oppretthalde bruken av gjetarhund i småfehaldet i fylket. MRGL arbeider for at det skal bli ei jamn rekruttering til gjetarhundmiljøet. Tre nye godkjende instruktørar, ein ny gjetarhunddommar, to nye dommaraspirantar, åtte gjetarhundkurs og 100 treningar på gode område å trene på rundt om i dei fire lokallaga er alle faktorar som bidreg til dette. Ein kan ikkje poengtera nok desse føresetnadane som igjen gir godt miljø for trening og nye bruksprov i lokallaga. Lokale gjetarhundprøver, eller «distriktsprøver» må til om ein skal få testa gjetarhunden sin praktisk. Det er dette som gir gode gjetarhundar og ein arbeidskamerat til å stole på.

Aktivitetshelg i regi av MRGL vart arrangert den 20-21.01.2018 på Lepsøya. 20 kursdeltakarar frå heile fylket møtte, og instruktørar frå MMG og ISG stilte gratis. Brubygging og kompetanseheving mellom og i lokallaga var motto for arrangementet. Overskotet gjekk til fylkeslaget MRGL.

MRGL har teke opp att praksisen med å skrive ut laminerte bruksprov til ekvipasjar som har oppnådd godkjent gjetarhundprøve (60p). Pris pr.bruksprov er 250,- Meir info om dette på heimesida.

MRGL vil igjen takke alle som med si drivkraft står på i sitt lokallag med gjetarhundarbeid og tek seg av alle nykomarane rundt om i fylket. Uten denne innsatsen hadde ikkje fylket klart så mange nye bruksprov!

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL